



PLAN FOR OVERGANG BARNEHAGE-BARNESKULE

SYKKYLVEN KOMMUNE



Plan for overgang barnehage-barneskule i Sykkylven kommune

Kommunen, ved skule- og barnehageeiningane, har ansvar for å skape ein god overgang mellom barnehage og skule i nært samarbeid med dei føresette.

Rammeplan for barnehagar seier m.a. følgjande om overgang barnehage-skule:

"Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skulen legge til rette for at barna kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule og eventuelt skulefritidsordning. Barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, deira overgang til og oppstart i skulen. Dei eldste barna skal få oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. Barna skal få bli kjent med kva som skjer i skulen og SFO.

I prinsippa for opplæringa (læringsplakaten) heiter det at:

Godt og systematisk samarbeid mellom barnehage og barnetrinn, barnetrinn og ungdomstrinn, ungdomstrinnet og vidaregåande opplæring skal bidra til å lette overgangen mellom dei ulike trinna i opplæringsløpet.

Overgangar er prosessar av endringar som barnet og familien erfarer når dei flyttar seg mellom ulike arenaer. Desse overgangane fører til rolleendringar som inneber endringar i krav og forventingar til barnet. Det er viktig å erkjenne at overgangsprosessar er sårbare og kan støtte eller svekke eit barn si utvikling, sjølvbilete og livskompetanse.

Overgang barnehage-barneskule

Gjeldande lovverk: Forskrift om rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver. Læreplan: LK-20 (Kunnskapsløftet).

Prosedyre	Ansvar
Føremål Sykkylven kommune vil sikre heilskap og samanheng mellom barnehage og skule, slik at barna møter godt budde og trygge til skulestart.	
Generelt Føresette, barnehage og skule har alle eit ansvar for samarbeid som sikrar barnet si utvikling og læring. Ein god overgang for den enkelte føreset utvikling av trygge rammer, gode verdiar og haldningar. Gjennom prosedyreplanen vil roller og ansvar for samarbeidet klargjerast.	
Gjennomføring 1. Foreldresamtale i barnehagen, haust 2. Barn med særskilde behov 2.1 Barn med særskilde behov 3. Felles møte styrarar, rektorar og PPT 4. «Bli kjent»-kveld på skulen 5. Barnehagepersonell besøker skule 6. Kontaktlæraravklaring 7. Innskriving i skulen 8. Skulepersonell på besøk i barnehage 9. Barnehage sender forslag inndeling klasse 10. Foreldresamtale i barnehagen, vår 11. Møte om skulestart for ped.leiarar, lærarar og SFO-leiar 12. Førskuledagar 13. Samtale med skule ved ønske 14. Besøke SFO før ferien 15. Oppstart SFO 16. Første skuledag 17. Felles foreldremøte på skulen 18. Foreldresamtalar på 1. trinn 19. Evaluering av overgang	Styrar/Ped.leiar Styrar Rektor og styrar Rådgjevar oppvekst Rektor/SFO-leiar Styrar Rektor Rektor Rektor Ped.leiar Ped.leiar Styrarnettverk Rektor/K.lærar/SFO-leiar Kontaktlærar Ped.leiar SFO-leiar Rektor/kontaktlærar Kontaktlærar Kontaktlærar Kontaktlærar
Vedlegg Plan for overgang barnehage – skule Samtykkeerklæring	

Plan for overgang barnehage-skule

Aktivitet	Tidspunkt	Innhald	Ansvarleg
1. Foreldresamtale barnehage, haust	September-oktober	-Avklare kva skule/skular som er aktuelle for barnet. Minne om kva som er kommunal nærskule. -Gjennomgang av plan for overgang barnehage-skule -Informasjon om barnehagen sitt pedagogiske opplegg siste år før skulestart -Fokus på føresette si rolle og medverknad i overgangen -Dersom barnet har ansvars-gruppe, vert møte lagt dit, og skule vert kalla inn.	Styrar/ Pedagogisk leiar
2. Barn med særskilde behov	15. september	Barnehagen sender oversikt til rektor ift. barn med særskilde behov.	Styrar
2.1 Barn med særskilde behov	Veke 39	Drøftingar om kva for ressursar barnet vil ha behov for ved skulestart. Spesialpedagog barnehage, ped.leiar/styrar, rektor og PPT deltek. Dersom det er tydeleg at barnet treng vedtak etter oppl.l. § 11-4 og/eller § 11-6 frå og med første skuledag, melder barnehagen opp barnet til PPT snarast råd etter samtalen (forsterka overgang). Frist 1. februar.	 Rektor Styrar
3. Felles møte styrarar, rektorar og PPT	September-oktober og april-mai	Forum for samarbeid og erfaringsutveksling, både private og kommunale barnehagar og skular	Rådgjevar oppvekst
4. «Bli kjent»-kveld på skulen	Oktober-november	Leik og bli kjent. Informere/vise føresette skule og SFO	Rektor og SFO-leiar
5. Barnehage-personell besøker skule	Frå januar	2-3 besøk	Styrar
6. Kontaktlærer-avklaring	Før innskriving	Skal være klart før innskriving	Rektor
7. Innskriving i skulen	Februar	Skulen inviterer barnet til innskriving med eige brev. Invitasjon sendast til barnehagane som distribuerer vidare til føresette. Fokus på barnet, samtale om forventingar til skulen. Føresette er med på innskriving. Informasjon sendast til alle barnehagar minst 14 dagar før innskriving.	Rektor
8. Skulepersonell på besøk i barnehage	Etter innskriving	2-3 besøk	Rektor
9. Barnehage sender forslag til klasse-inndeling	15. mars	Forslag frå barnehage til klasseinndeling	Pedagogisk leiar
10. Foreldresamtale barnehage, vår	Mars-april	-Er det informasjon som dei føresette ønskjer skal overførast frå barnehage til skule? -Fylle ut samtykkeerklæring	Pedagogisk leiar

11. Møte om skulestart for ped.leiarar, lærarar og SFO-leiar	15. april Veke 19	Frist for å levere samtykkeerklæring med informasjon om barnet til skulen Informasjonsutveksling i samsvar med samtykkeskjema. Endeleg klasseinndeling skal være klart før møte	Styrarnettverk organiserer og koordinerer møta
12. Førskuledagar	15. April Veke 21-23	Melding til barnehagane om datoar Barna får møte kontaktlærarar, SFO-leiar og fadrar. Omvising på skulen og SFO	Rektor, kontaktlærar og SFO-leiar
13. Samtale med skulen ved ønske	Juni	Ved ønske frå føresette: Krysse av på innskrivingsskjema	Kontaktlærar
14. Besøke SFO før ferien	Vekene etter skuleslutt	Besøke skule	Ped.leiar
15. Oppstart SFO	August	Tilvenning for barnet	SFO-leiar
16. Første skuledag	August	Oppstart for barnet	Rektor/ kontaktlærar
17. Felles foreldre-møte på skulen	August-september	Oppsummere oppstarten Praktisk informasjon	Kontaktlærar
18. Foreldresamtalar på 1. trinn	September-oktober	Føresette har samtale med kontaktlærar	Kontaktlærar
19. Evaluering av overgang	Innan 1. desember	Korleis prosessen har fungert. Kontaktlærar inviterer ped.leiarane. Fellesmøte.	Kontaktlærar

Evaluert og oppdatert av styrarar, rektorar, PPT og rådgjevar oppvekst 12.12.2025.